



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT**
Statsråden

Fylkeskommunene

Dykkar ref

Vår ref
08/50-1 HMJ

Dato

7 OKT 2008

**Orientering om forslag til statsbudsjett for 2009 - Programkategori 13.50
Regional og distriktpolitikk - Førebels rammer**

Kommunal- og regionaldepartementet vil med dette informera om forslaget frå regjeringa til budsjett for 2009 for gjennomføring av distrikts- og regionalpolitikken og om førebels fordeling av budsjetttramma over programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk. Sjå St.prp. nr. 1 (2008-2009) for meir informasjon. Endeleg oppdragsbrev og tilskotsbrev vil bli sendt ut etter at Stortinget har handsama budsjettforslaget. Det kan koma endringar i rammene og i fordelinga av midlar. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

I Rammer for 2009 under programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2009 ei samla løyving på **2 556,65 mill. kr** over programkategori 13.50, inkludert vidareføring av kompensasjonstiltak for auka arbeidsgivaravgift. Løyvinga til dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under KRD aukar i 2009 med 214,5 mill. kr, utanom kompensasjonsmidlane for differensiert arbeidsgivaravgift¹. Statsbudsjettet fører dermed vidare distriktsløftet som regjeringa lova i Soria Moria-erklæringa. Distriktsløftet er også nærare konkretisert i St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet*.

¹ Inkludert i beløpet er 25 mill. kr som er flytta frå kap. 551, post 61.

Fordeling av samla løyvingar over programkategori 13.50 på kap./postar, i tusen kr

	2008	2009
• Tilskot til fylkeskommunane for regional utvikling, kap. 551, post 60 (eksklusive Oppland)	1 231 850	1 314 200
• Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune, kap. 551, post 64, for vidareføringa av forsøket "Fritt fram". (Summen inkluderer også midlar tildelt frå andre dept., men er unnateke midlar frå kap. 551, post 61)	67 129	70 650
• Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift kap. 551, post 61	663 750	631 600
• Nordområdetiltak, kap. 551, post 71 (ny post)	-	100 000 ²
• Kunnskapsutvikling, informasjon mv. under KRD, kap. 552, post 21	11 000	11 000
• Nasjonale tiltak for regional utvikling, kap. 552, post 72	384 500	407 700 ³
• Kompetansesenter for distriktsutvikling, kap. 554, post 01	16 000	21 500

Følgjande prioriteringar er sentrale i budsjettet for 2009:

- Auka satsing på Nord-Noreg.
- Auke i regionale utviklingsmidlar til fylkeskommunane. Vi har som føresetnad at fylkeskommunane prioriterer ei auke av kommunale næringsfond og NyVekst.
- Auka satsing på entreprenørskap, særleg fokus på unge.
- Verdiskaping i verneområde.
- Auka støtte til næringsmiljø.
- Vidare utvikling av Distriktssenteret.

Ein stor del av budsjettauken blir lagt på ein ny post, kap 551, post 71 Nordområdetiltak. Midlane har som mål å bidra til auka verdiskaping på land i Nord-Noreg under regjeringa si nordområdestrategi. Midlane skal prioriterast til fylkesovergripande satsingar innan reiseliv og arktisk teknologi⁴. Vidare går 85,76⁵ mill. kr av budsjettauken til

² Inkludert i beløpet er 25 mill. kr som er flytta frå kap. 551, post 61.

³ Inklusiv ei teknisk overføring frå Nærings- og handelsdepartementet sitt kap. 2421, post 70 på 19,2 mill. kr, som går til programadministrasjon i Innovasjon Noreg.

⁴ Omgrepet "arktisk teknologi" er knytt til kaldt klima i arktiske strøk, og gjeld særlig teknologiske sider ved det å byggje, bo og drive industriell verksamd.

fylkeskommunane for regional utvikling. Ein stor del av denne auken kjem for at fylka skal kunne prioritera midlar til kommunale næringsfond og til støtteordninga for ny-starta føretak (NyVekst). I pkt. III under er rammer og nye prioriteringar for dei enkelte postane presenterte nærare. I tillegg har vi lagt ved førebels oversikt over fylkesfordel-inga av ramma på kap. 551, post 60 og kap. 551, post 64 (vedlegg 1).

II Overordna distrikts- og regionalpolitiske mål og strategiar

Statsbudsjettet tar m.a. utgangspunkt i St.meld. nr. 21 (2005-2006) *Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa vil leggja til rette for at alle skal vera fri til å busetja seg der dei ønskjer, og å utløyse verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla under programkategori 13.50 er ein ekst-rainnsats som skal styrkja grunnlaget for busetjing og verdiskaping i område og landsdelar med særlege utfordringar og skal i hovudsak brukast innanfor det distriktspolitiske verkeområdet. Nokre av midlane kan nyttast utanfor verkeområdet for å medverka til å utløysa regionale potensial for verdiskaping.

Midlane skal medverka til å styrkja verdiskapinga i næringsmiljø og til utvikling av attraktive arbeidsplassar ved å fremma innovasjon, omstilling og nyetableringar. Midlane skal også medverka til utvikling av lokal infrastruktur, kompetanse og attraktive stader.

Departementet følgjer opp regjeringa sin handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner. Regjeringa har mål om at 40 pst. av nye etablerarar skal vere kvinner innan 2013. Bruken av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla skal bidra til å nå dette målet. Vidare har departementet mål om at 40 pst. av dei næringsretta midlane over eige budsjett skal treffa kvinner innan 2013. Dette krev målretta innsats og aktiv oppfølging i verkemiddelordningar og program, både frå dei nasjonale verkemiddelaktørane og frå fylkeskommunane.

⁵ Inklusive Kommunal- og regionaldepartementets andel av kap. 551, post 64 Utviklingsmidler til Oppland fylkeskommune – "Fritt Fram"

III Førebele rammer og fordelingar for dei enkelte tilskotspostane

Kap. 551, post 60 Tilskot til fylkeskommunar for regional utvikling

Regjeringa foreslår å løyva 1 314,2 mill. kr over kap. 551, post 60 for 2009, som blir fordelt til fylkeskommunane ⁶. Førebeles fylkesfordeling av midlane går fram av vedlegg 1. Ramma til fylka blir fastsett etter både objektive kriterium og skjøn:

- *Objektive kriterium:* Fordelinga av ramma mellom fylka skjer i hovudsak på grunnlag av folketal innanfor dei enkelte sonene av det distriktpolitiske verkeområdet, med vekting av sonene etter distriktpolitisk prioritet.
- *Skjøn:* Gjennom tildelinga etter skjøn medverkar departementet også til at kommunale næringsfond kan bli tilført meir midlar enn i 2008. Etter innspel frå fylkeskommunane er det fordelt midlar til omstilling. Bidraget til grenseregionalt program-samarbeid gjennom Interreg IV er synleggjort på dei deltakande fylka etter ei førebels sjablongmessig fordeling, jf. vedlegg 2. Midlar til dei ulike programma vil av praktiske omsyn bli overførte direkte til sekretariatsfylka.

Spesielle tema

- *Kommunale Næringsfond*

Kommunal- og regionaldepartementet føreset at fylkeskommunane prioriterer kommunale næringsfond. Ordninga er auka frå 100 mill. kr i 2008 til 145 mill. kr i 2009. Auken skal bidra til ei styrkt satsing på næringsssvake kommunar som støttespelarar for entreprenørar og lokalt næringsliv. Satsingane blir sette i samanheng med den nasjonale satsinga på kommunane som førsteline i småskala næringsutvikling.

- *Omstilling*

Til omstillings- og nyskappingsarbeid i vanskelegstilte kommunar er det forslag om 50 mill. kr over kap. 551, post 60. Beløpet er i all hovudsak basert på innspel frå fylkeskommunane. Midlane vil gje fylkeskommunane moglegheit til å støtta opp om kommunar der hjørnesteinsbedrifter eller -næringar har hatt store reduksjonar i sysselsettinga eller er blitt nedlagt. Nærare opplysningar blir synleggjort i tilskotsbrev.

- *NyVekst – stønad til små nyetablerte vekstforetak i det distriktpolitiske verkeområdet*

⁶ I tillegg kjem 65,064 mill. kr til Oppland til same formål, men som blir fordelt over kap. 551 post 64, jf eigen omtale av denne posten.

Mange verksemder med stort potensial overlever ikkje den tidlige kritiske fasen etter etablering med høge driftsutgifter og lite inntening. NyVekst rettar seg nettopp mot denne perioden. Ordninga opnar for å gje stønad på bakgrunn av enkelte driftsutgifter. Departementet ønskjer å nytta handlingsrommet som det nye regionalstøtteregelverket i EØS-området gir og føreset difor at fylkeskommunane og Innovasjon Noreg løyver midlar til ordninga.

Ordninga blir i hovudsak finansiert over dei desentraliserte midlane til fylkeskommunane, på line med anna føretaksstøtte. Departementet legg opp til ein auke på 27 mill. kr i budsjettet for 2009, slik at fylkeskommunane totalt har 62 mill. kr til ordninga. Løyvinga inneheld midlar til å følgja opp verksemder som alt er inne i ordninga samt å ta inn nye verksemder i 2009. Den fylkesvise fordelinga av midlane skjer med utgangspunkt i den objektive fordelingsnøkkelen på posten og er vist i ein eigen kolonne i vedlegg 1. I tillegg vil Innovasjon Noreg få tildelt totalt 8 mill. kr (auke på 3 mill. kr) som skal brukast i samfinansiering med regionale midlar for å sikra ei utjamning slik at gode prosjekt i heile verkeområdet kan få støtte, også prosjekt i dei fylka som i utgangspunktet får ein svært liten del av dei 62 mill. kr.

For meir informasjon om ordninga, sjå fjorårets orienterings- og tilskotsbrev.

- *Kvinner og unge*

Kvinner og unge er viktige ressursar i arbeidet med regional utvikling. Departementet ber fylkeskommunane om å medverka til at desse målgruppene i aukande grad blir prioriterte innanfor løyvingane til kap 551, post 60, post 61 og post 64. Departementet oppfordrar framleis fylkeskommunane om å fastsetja måltal for kvinner innanfor næringsretta tiltak.

- *Tilhøvet til pilotprosjekt under Småsamfunnssatsinga og Kultur og næring over kap. 552, post 72*

Departementet vil også i 2009 gi tilskot til utviklings- og pilotprosjekt under Småsamfunnssatsinga og satsinga på Kultur og næring over kap. 552, post 72. Mesteparten av midlane vil bli brukt til å vidareføra støtte til småsamfunnsprosjekt som vart sette i gong i 2007 og 2008, men innanfor Kultur og Næring legg departementet i 2009 opp til å bruka om lag 7 mill. kr på nye utviklings- og pilotprosjekt. Departementet legg vekt på at satsingane blir sett i samanheng ved utval av nye prosjekt, og at bruken av midlane blir sett i samanheng med tilsvarande satsingar i fylka over kap. 551, post 60.

Kap. 551, post 61 Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift

Regjeringa har foreslått ei løyving på 631,6 mill. kr på denne posten for 2009. Departementet vil koma tilbake til den fylkesvise fordelinga av rammene når desse ligg føre ved årsskiftet 2008/2009.

Bodø og Tromsø har som store byområde i det distriktpolitiske verkeområdet betre føresetnader for vekst enn landsdelen elles. Med dei utfordringane som landsdelen samtidig står overfor, har Kommunal- og regionaldepartementet som mål å sikra at midlane i større grad enn i dag bør brukast med tanke på ringverknader i heile landsdelen. Bruken av midlane må også sjåast i samanheng med regjeringa sin nordområdestrategi, og Kommunal- og regionaldepartementet sitt arbeid for auka landbasert verdiskaping retta mot fysisk infrastruktur, kompetansebygging, næringsutvikling og aust-vest-samarbeid i Nord-Noreg.

Som i 2007 og 2008 vil det i 2009 oppstå eit restbeløp grunna endringar i berekningsgrunnlaget for differensiert arbeidsgjevaravgift. Av desse er 25 mill. kr foreslått løyvd under nordområdesatsinga og lagt til kap. 551, post 71, jf. omtalen under. Dei andre restmidlane skal prioriterast til vidare utbygging av breiband. I områder som har tilfredsstillande breibandsdekning, kan midlane nyttast til anna infrastruktur og nærings tiltak etter avtale med Kommunal- og regionaldepartementet.

Kap. 551, post 64 Utviklingsmidlar til Oppland fylkeskommune – "Fritt fram."

Regjeringa legg opp til at forsøket "Fritt fram" i Oppland blir forlenga fram til 31.12.09. I det forlenga forsøket er Miljøverndepartementet, Nærings- og handelsdepartementet og Landbruksdepartementet med, i tillegg til Kommunal- og regionaldepartementet.

Forslaget til ramme til Oppland fylkeskommune for 2008 er på 70,65 mill. kr, jf. vedlegg 3. Ramma dekkjer både midlar frå kap. 551, post 60 over budsjettet til Kommunal- og regionaldepartementet og midlar frå dei andre departementa som er med i forsøket. Frå Kommunal- og regionaldepartementet er beløpet 65,064 mill. kr. Midlar til Oppland over kap. 551, post 61 kjem i tillegg.

Kap. 551, post 71 Nordområdetiltak

Posten er ny. Regjeringa har foreslått ei løyving på 100 mill. kr på denne posten for 2009. Midlane blir prioriterte til fylkesovergripande satsingar innan reiseliv og arktisk teknologi. Midlane kan forvaltas av nasjonale og regionale aktørar. Endeleg fordeling mellom aktørar, program og innsatsområde vil bli nedfelt i oppdrags- og tilskotsbrev for 2009. Det vil bli utarbeid retningsliner for posten.

Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Regjeringa foreslår ei løyving på 407,7 mill. kr over posten i 2009. Dette er ein auke på om lag 23,2 mill. kr i høve til 2008.

I oversiktane nedanfor viser vi førebels fordeling av ramma for 2009 på program og innsatsområde i Innovasjon Noreg, SIVA, Noregs forskingsråd og Kommunal- og regionaldepartementet, samanlikna med 2008. Departementet har i teksten under i hovudsak berre kommentert satsingsområde kor det skjer ei endring frå 2008 til 2009.

Endeleg fordeling mellom aktørar, program og innsatsområde vil bli nedfelte i oppdragsbrev for 2009. Verkemiddelaktørane kan gjera mindre justeringar mellom program og innsatsområde innanfor desse rammene. Vi ber likevel om at eventuelle ønskje frå SIVA, Innovasjon Noreg eller Noregs forskingsråd om endringar i fordelinga av midlar på program og innsatsområde blir tekne opp i god tid før halvårsmøta i haust.

- **SIVA, samla økonomisk ramme 71,0 mill. kr**

Arbeidsmål	Program	2008	Førebels 2009
1.1 Styrkja næringsmiljø	Næringshageprogrammet	25,5	25,5
	FOU-inkubatorprogrammet	15	15
	Regionalisering og nettverk m.v.	3	3
1.3 Entreprenørskap	Evt. kulturinkubatorprogram	4	2,5
	Kvinner og entreprenørskap	8	11
	Industri-inkubatorar m.m.	14	14

Kulturinkubatorprogram: Departementet reserverer 2,5 mill. kr til ei eventuell oppstart av eit kulturinkubatorprogram. Endeleg avgjerd om oppstart vil bli gjort hausten 2008 på bakgrunn av ei eiga evaluering av pilotprosjekta og SIVA si tilråding.

Auka kvinnesatsing: Departementet styrkjer arbeidet med å auka entreprenørskap blant kvinner gjennom SIVA sine program med 3 mill. kr frå 2008. SIVA får 11 mill. kroner til dette i 2009. Det vil vere opp til SIVA sjølv å gjera framlegg om kva program innsatsen skal setjast inn ut frå ei vurdering av kor dei treff målgruppa best.

• **Innovasjon Noreg, samla økonomisk ramme 173,7 mill. kr**

Arbeidsmål	Program og satsingar	2008	Førebels 2009
1.1 Styrkja næringsmiljø	Arena-programmet	18	18
	NCE-programmet	35	40
	Føretaksnettverk	3	3
1.2 Vidareutvikla etablerte føretak	BIT-programmet	6,5	4
	Kompetanseprogrammet	2	2
	Designprogrammet	5	5
1.3 Entreprenørskap	NyVekst (pott til samfinansiering)	5	8
	Unge i fokus, inkludert mentorordning for unge	10	13
	Anna satsing på entreprenørskap	5,5	5,5
	Inkubatorstipend	17	13,5
	FORNY	4	4
	Kommunane som førstelineteneste for i småskala næringsutvikling	2	3
Tverrgåande tema, te- nesteutvikling, analyser, profilering	Kultur og opplevingar	4	4
	Storbyprosjektet	4	4
	Regional omstilling	8	8
	Kvinner i fokus inkludert GRO-programmet og ekstrasatsing til kvinner og entreprenørskap	17,5	14,5
	Analyser, evalueringar, profilering, administrasjon	5	24,2

Ramma til Innovasjon Noreg er auka med 3 mill. kr, i tillegg til 19,2 mill. kr som er ei teknisk overføring frå Nærings- og handelsdepartementet sitt kap. 2421, post 70. Ved etableringa av Innovasjon Noreg i 2004 blei det overført midlar frå Kommunal- og regionaldepartementet til Nærings og handelsdepartementet sin post. Midlane skulle dekkja ein del av dei administrative kostnadane til Innovasjon Noreg knytt til programverksemda under Kommunal- og regionaldepartementet. For å sikra ei einsarta føring av administrative kostnadar vil desse midlane f.o.m. 2009 bli tildelt som ein del av dei enkelte programløyvingane. Midlane er foreløpig plasserte under Analyser, evalueringar, profilering og administrasjon, men departementet vil koma nærare tilbake til fordelinga av desse midlane i oppdragsbrevet for 2009 etter dialog med Innovasjon Noreg.

Norwegian Centers of Expertice: Departementet aukar løyvinga til etablering av nye Norwegian Center of Expertice i 2009.

BIT: Departementet legg opp til noko redusert innsats i BIT. Programmet har vore finansiert over dei nasjonale midlane i fleire år.

NyVekst: Innovasjon Noreg har ei sentral rolle i forvaltning og utvikling av NyVekst. Ordninga blir i hovudsak finansiert over dei desentraliserte midlane til fylkeskommunane over kap. 551, post 60. I tillegg får Innovasjon Noreg ei tildeling på 8 mill. kr som skal brukast til samfinansiering med regionale midlar. Løyvinga inneheld midlar til å følgje opp verksemder som alt er inne i ordninga, samt å ta inn nye verksemder. Sjå elles samla omtale av ordninga i eige avsnitt under kap. 551, post 60.

Unge i fokus: Departementet vil styrkja innsatsen retta mot unge etablerarar og aukar løyvinga til forsøket med mentorordningar med 3 mill. kr. Målet er å gjera dette til eit nasjonalt verkemiddel.

Inkubatorstipend: Departementet legg opp til ei noko redusert løyving til inkubatorstipend i 2009, i samband med igangsettinga av NyVekst som fangar opp nokre av den same målgruppa. Departementet legg samstundes til grunn at dei ulike stipendordningane overfor etablerarar som blir forvalta av Innovasjon Noreg, blir sett i samanheng.

Kommunane som førstelineteneste for småskala næringsutvikling: Departementet legg opp til at om lag 3 mill. kr av løyvinga i 2008 til Innovasjon Noreg skal nyttast til å følgje opp arbeidet med å styrkja kompetansen for næringsutvikling i kommunane. Dette er ein auke på 1 mill. kr frå 2008. Løyvinga må sjåast i samanheng med løyvingar frå Landbruks- og matdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet.

Kvinner i fokus: I 2007 fekk Innovasjon Noreg ein auke i ekstrasatsinga til kvinner og entreprenørskap. Sidan utbetalingane til GRO-programmet ble lagt på is i deler av 2008, er den totale ramma til kvinneretta prosjekt redusert frå 17,5 til 14,5 millionar i 2009. Midlane skal nyttast til tiltak for m.a. å synleggjera gode rollemodellar, informasjonspreiing og kompetanse- og erfaringsutveksling. Departementet vil diskutere nærare framtida til GRO-programmet med Innovasjon Noreg og Nærings- og handelsdepartementet.

- **Noregs forskingsråd, samla økonomisk ramme 50,1 mill. kr**

Mål	Program	2008	Førebels 2009
1.1 Styrkja næringsmiljø	VRI (Verkemiddel for regional FoU og innovasjon), inkludert kultursatsing og kvinner i VRI	37	39,6
	Regionale representantar	0,6	
1.3 Entreprenørskap	FORNY	10,5	10,5

VRI-programmet: For 2009 legg departementet opp til å auka løyvingane til VRI-programmet med 2 mill. kr for å bidra til betre regional forankring av programmet, og som utprøvningsarena for innføring av dei regionale forskingsfonda frå 2010. Den særskilde satsinga på kulturbaserte næringer og auka kvinnedel i programmet held fram.

- **Spesielle satsingar administrert av Kommunal- og regionaldepartementet**

Tabellen nedanfor er ein oversikt over ei førebels fordeling av midlar på andre satsingar og program finansierte over programområde 13.50.

Program og innsatsområde	2008	Førebels 2009
Internasjonalt arbeid	38,9	38,6
Småsamfunnssatsing	20	21
MERKUR og utviklingsstøtte til småbutikkar	14	14
MERKUR-bok	2,5	2,5
Verdiskaping for verneområde	-	5
Ungt Entreprenørskap	6	8
Kultur og næring, pilotar	7	7
BLEST (Attraktive stader)	10	6

Internasjonalt arbeid: Den økonomiske ramma for deltakinga i dei transnasjonale og dei interregionale programma i Interreg IV-perioden blir vidareført på same nivå som i siste programperiode.

Småsamfunnspilotar: Departementet har sett av 15 mill. kr til utviklings- og pilotprosjekt i småsamfunnssatsinga også i 2009, jf. omtale under avsnittet om kap. 551, post 60. I tillegg har departementet sett av 6 mill. kr til anna småsamfunnssatsing. Departementet vil koma nærare tilbake til bruken av desse midlane i tilskotsbrevet for 2009.

Verdiskaping for verneområde: Til styrking av fjellpolitikken til regjeringa set departementet av midlar til eit samarbeidsprosjekt med Miljøverndepartementet, med sikte på å utvikla verdiskapingspotensialet i tilknytning til store, nasjonale verneområde, inkluderte randområde og andre naturområde med særlege kvalitetar. Dette er eit arbeid initiert av Miljøverndepartementet, med heile landet som geografisk nedslagsfelt. Også andre departement vil involverast. Kommunal- og regionaldepartementet har sett av 5 mill. kr til arbeidet i 2009.

Ungt Entreprenørskap: Organisasjonen får ei auka løyving på 2 mill. kr. Departementet vil koma nærare tilbake til prioriteringa av desse midlane i tilskotsbrevet for 2009.

Kultur og næring: Midlane til ekstrainsatsen for kultur og næring skal nyttast både til vidare utvikling av prosjekt som er starta opp og til nye pilotprosjekt. Desse midlane vil bli lyste ut med ønskje om å sende inn forslag til gode prosjekt. Sjå elles omtale av arbeidet med pilotar under omtalen kap. 551, post 60.

BLEST: Programmet BLEST under Husbanken blir ført vidare 2009. Målet er å støtta og synleggjera gode lokale stadutviklingsprosjekt og å vidareutvikla kunnskap og kompetanse om stadutvikling lokalt og regionalt. Det vil også bli initiert konkrete utviklingsprosjekt.

Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling, Distriktssenteret.

Distriktssenteret blei etablert i 2008 som eit forvaltningsorgan under Kommunal- og regionaldepartementet og skal støtta opp om lokal utviklingskraft og initiativ. Overordna mål for senteret er å vera ein kunnskaps- og erfaringsbase og støttespelar for heilskapleg og berekraftig utviklingsarbeid i distriktsområde. Departementet oppretta ein eigen post for Distriktssenteret i 2008, og denne posten får ein auke på 5,5 mill. kr, til totalt 21,5 mill. kr i 2009. Auken skuldast at Distriktssenteret i 2009 vil vere i full drift. Arbeidet med etablering av verksemda vil vera i fokus også i 2009, både når det gjeld arbeidet med å samla inn og systematisera kunnskap, løfta fram og spreia erfaringar, kunnskap og gode arbeidsmetodar, og når det gjeld å etablere gode interne administrative rutinar.

Med helsing


Magahild Meltveit Kleppa

- Vedlegg: 1. Oversikt over fordeling av midlar over kap. 551, post 60
2. Oversikt over grunnlaget for skjønstildeling av omstillingsmidlar og sjablongfordelinga av nasjonale midlar til grenseregionalt samarbeid
3. Oversikt over midlar til forsøket Fritt fram i Oppland

Likelydande brev sendt til:

Fylkeskommunene
Innovasjon Norge Agder
Innovasjon Norge Buskerud
Innovasjon Norge Finnmark
Innovasjon Norge Hedmark
Innovasjon Norge Hordaland
Innovasjon Norge Hovedkontoret
Innovasjon Norge Møre og Romsdal
Innovasjon Norge Nord-Trøndelag
Innovasjon Norge Nordland
Innovasjon Norge Oppland
Innovasjon Norge Oslo og Akershus
Innovasjon Norge Rogaland
Innovasjon Norge Sogn og Fjordane
Innovasjon Norge Sør-Trøndelag
Innovasjon Norge Telemark
Innovasjon Norge Tromsø
Innovasjon Norge Vestfold
Innovasjon Norge Østfold
Norges forskningsråd
Oslo kommune
SIVA - Selskapet for industrivekst SF